



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Hammer, 55 57 22 46

Vår dato
05.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/2902 620
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Avslag på søknad om kompetansemidler barnevern 2014

Vi viser til søknad innsendt frå Radøy kommune den 4.4.2014, og til Rundskriv Q 31/2014 *Retningslinjer for satsing på kommunalt barnevern 2014*.

Det går fram av rundskrivet at det vart avsett 10 mill. kroner til kompetanse og samhandlingstiltak i 2014. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet fordelte sjølv midlane etter innstilling frå fylkesmannsembeta. Det vart tildelt midlar til fire større tiltak i Aust- og Vest-Agder, Hedmark, Nord-Trøndelag og Telemark. Det resterande beløpet vart fordelt til fylkesmennene som sjølv prioriterte og vurderte tildeling i eige fylke. Fylkesmannen i Hordaland fekk til fordeling kr 400 000 for 2014.

Det kom inn 15 søknadar om kompetanse- og samhandlingstiltak frå kommunane i Hordaland. Fylkesmannen har prioritert dei innkomne søknadane ut frå kriteria i rundskriv Q-31/2014, og ut frå vår vurdering av innhaldet i søknadane og kjennskap til kommunane.

Det har dessverre ikkje vore rom for å gje tilskot til alle som har søkt, og søknaden frå Radøy kommune har ikkje vorte prioritert i denne runden.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Marianne Hammer
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.